

Ole Martin Brudevoll

Norddalsvegen 172

6140 Syvde

04.09.2025

NVE

Att; Niklas Egriell

Postboks 5091 Majorstuen, 0301 Oslo

### **Kommentarar knytt til Nordselva**

Underteikna ynskjer å kome med følgjande kommentarar til revisjonen av vilkåra for Åmelavassdraget. Innspela må sjåast på som ei vidareføring av mitt tidlegare skriv i saka datert 31.10.2022. Det er framleis liten tvil om at kraftutbygginga har medført store utfordringar for livet i elva. Utover habitattiltak og etablering av system for minstevassføring, er det viktig å ikkje undervurdere den potensielle effekten av ei fisketrapp ved Sarpen. Som ein del av dei gjeldande konsesjonsvilkåra (pkt. 12-4) vart det vedteke at konsesjonæren skulle etablere fisketrapper i Åheimselva. Med tanke på den kritiske situasjonen for villaksen i landet, er det på tide å auke ambisjonane også for Nordselva. Tiltaket får støtte i SWECO sin rapport: 10228452 – N01. Blant anna vert det presisert at ei utviding av anadrom strekning kunne gje fisken tilgang til område med godt potensiale både for gyting og oppvekst. Totalt vil bygging av fisketrapp ved Sarpen kunne auke anadrom strekning med om lag 200% (s. 9). SWECO ser at «et rimelig anslag vil være at produksjonen av laks og sjøørrett vil dobles i elva dersom vandringsforholdene blir gode» (s. 2). Oppsidene ved tiltaket er store og eg ber difor om at det framover vert gjort konkrete og detaljerte vurderingar for korleis ein kan lette vandringshindringane i Sarpefossen.

Til tross for at tiltaka som har blitt diskutert knytt til revisjonen i stor grad er nye tiltak, vil eg presisere at også dei gjeldande konsesjonsvilkåra bør vidareførast og at Tussa syter for å innfri desse slik dei i utgangspunktet var tiltenkt. Særleg aktuelt er pkt. 12 i dei gjeldande konsesjonsvilkåra. Dette punktet føreset at konsesjonæren skal ha ei proaktiv rolle i forvaltninga av aktuelle elvar og fjellvatn. Konkret inneber dette blant anna ei plikt til å setje ut yngel/og eller settefisk, samt at Tussa skal føre årleg kontroll med forvaltninga. I tillegg skulle det byggjast tersklar inkludert naudsynt førebygging i Nordselva. Det er utover dei aktuelle tiltaka viktig for alle partar at ein får på plass eit kontrollsystem der effekten av tiltaka vert grundig evaluert og som legg opp til revideringar dersom situasjonen i vassdraga tilseier at dette er føremålstenleg.

Ole Martin Brudevoll